



adresseliste

Grensejustering i Gjemnes kommune - høyring

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motteke eit innbyggjarinitiativ med søknad om grensejustering. Søknaden gjeld utgreiing av grensejustering for indre Gjemnes i Gjemnes kommune, med ønske om overflytting til nye Molde kommune. Innbyggjarinitiativet i indre Gjemnes omfattar Angvik skulekrins med bygdene Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem.

I samband med kommunereforma og med bakgrunn i inndelingslova sendte Fylkesmannen søknadane til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for vidare saksbehandling. Vi fekk deretter i brev frå KMD oppdrag om å utgreie konsekvensane av ei grensejustering for indre Gjemnes.

Fylkesmannen har gjennomført oppstartsmøte med søkarane og representantar for Gjemnes kommune og fellesnemnda for nye Molde kommune den 02.11. 2017. I dette møtet gjekk fylkesmannen gjennom saksgrongen i utgreiingsarbeidet og milepælsplan med fristar.

Fylkesmannen har samla inn fakta om bygdene Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem i Gjemnes kommune frå mellom anna Møre og Romsdal fylkeskommune og SSB. Fylkesmannen har bedt Gjemnes kommune om å supplere faktagrunnlaget etter ei sjekklister. Fellesnemnda i nye Molde kommune blei også spurt om supplering av faktagrunnlag. Gjemnes kommune har sendt over sine opplysningar til faktagrunnlaget. Vi har også motteke innspel frå fellesnemnda i nye Molde kommune.

På vegne av Fylkesmannen har Opinion AS i tidsrommet 15.01-30.01.2018 gjennomført ei innbyggjarhøyring i form av telefonundersøking for innbyggjarane i indre Gjemnes. Vi har i dag motteke resultatet frå innbyggjarhøyringa.

Fylkesmannen ber om følgjande vurdering frå Gjemnes kommunestyre

1. Kva for konsekvensar vil det gi for Gjemnes kommune at bygdene Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem blir ført over til nye Molde kommune.
2. Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggjarhøyringa.

Fylkesmannen ber i tillegg om uttale frå følgjande høyringspartar

1. **Fellesnemnda i nye Molde kommune** gjer greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av bygdene Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem over til nye Molde kommune.
2. **Møre og Romsdal fylkeskommune** uttalar seg til ei eventuell grensejustering av bygdene Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem sett ut i frå eit regionalt perspektiv.
3. **Kartverket** vurderer om grensene som går fram av innbyggjarinitiativet har god nok kvalitet som grunnlag for ny kommunegrense.

Frist for uttale er sett til **torsdag 15. mars 2018** og sendast til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.

Slutt møte for søkarane, representantar frå Gjemnes kommune og representant frå fellesnemnda i nye Molde kommune er sett til:

Stad: Molde, Fylkeshuset

Dato: 21.03. 2018

Tid: kl. 10.00 til 12.00

Fylkesmannen gjer si vurdering og tilråding på bakgrunn av all informasjon som er motteke i saka. I følgje milepælsplana skal fylkesmannen sende tilrådinga til KMD **23. mars 2018**. Fylkesmannen vil same dag halde pressekonferanse om si tilråding.

MERK: Relevante vedlegg til saka er samanfatta i eit vedlegg. Sjå vedleggsoversikt nedanfor.

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Kopi:

Terje Angvik Hasselbakken 6636 ANGVIK

Adresseliste:

- Gjemnes kommune
- Fellesnemnda i nye Molde kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Kartverket

Oversikt over vedlegg til saka:

1. Brev om vidare arbeid med grenseendringar frå KMD til Fylkesmannen, 09.05. 2017
2. Innbyggjarinitiativ med søknad for indre Gjemnes, 13.07. 2016.
3. Kart for grensejustering, 06.02. 2018
4. Oversending av grensejusteringssøknader frå Fylkesmannen til KMD, 09.06. 2017
5. Oppdragsbrev frå KMD til Fylkesmannen, 28.09. 2017
6. Utsending av faktagrunnlag med sjekklister, brev frå Fylkesmannen, 21.11. 2017
7. Oppdatert faktagrunnlag; reiseavstandar, 17.11. 2017
8. Oppdatert faktagrunnlag frå SSB; pendlarstatistikk, 06.02. 2018
9. Innsendt faktagrunnlag frå Gjemnes kommune, 18.12. 2017
10. Innspel frå fellesnemnda i nye Molde, 18.12. 2017
11. Infoskriv om innbyggjarhøyring, 21.12. 2017
12. Rapport innbyggjarhøyring, 06.02. 2018